

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Oddvin Neset	FE - 231	15/307

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2016	Råd for eldre og funksjonshemma	PS	21.11.2016
066/2016	Formannskapet	PS	22.11.2016
	Kommunestyret	PS	

## Betaling for kommunale tenester 2017

### Forslag til vedtak:

Satsar for kommunale tenester 2017 vert godkjent slik dei ligg føre i dokumentet «Betaling for kommunale tenester 2017»

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I samband med handsaminga av årsbudsjettet har rådmannen gått gjennom betalingsattsane for kommunale tenester, og lagt inn ei justering av satsane. Alle satsar er samla i eit dokment for å gje ei brukarvenleg og oversiktleg framstilling av kva dei ulike kommunale tenestene kostar.

#### Vurdering

Ved justering av satsane for 2017 har rådmannen lagt til grunn ein generell auke i satsane på ca 5 %. For å kunne gje eit bilete av korleis betalingsattsane har utvikla seg dei siste åra er det laga ei oversikt som viser satsane frå 2013 og fram til i dag. Kvart område vert ikkje kommentert i dette saksframlegget, men områder der det er framlegg til endringar, eller potensiale til meirinntekt vert nevnt.

Barnehage: Det er føreslege ei auke på 5% som vil gje foreldrebetaling på kr. 2.100,- pr. md for heiltidsplass. Me ligg framleis under nasjonal maksprisgrense, som i 2017 er på kr. 2.730,-. Det er no etablert gode nasjonale ordningar som ivaretek familiar med låg inntekt. Dersom ein aukar til makspris vil familiar med ei inntekt under 486.000,- kunne få reduksjon i foreldrebetalinga. Argumenta for å liggje under nasjonal maksprisgrense har med dette vorte færre. Det ligg eit unytta potensiale her til å auke satsane til makspris, og slik auke inntektene i barnehagen med 100 - 120.000,-.

Bryggjeslottet: Her er det føreslege auke på dei tilboda der det er mest etterspurnad, medan andre

tilbud er føreslegne uendra. Oversikta viser endringane som er føreslegne.

Renovasjon: Renovasjonsgebyret er føreslått redusert med 40 kroner. Dette er pga reduksjon i transportutgifter.

### **Konklusjon**

Rådmannen si tilråding er at betalingssatsane vert jusetert i samsvar med framlegget.

## **Råd for eldre og funksjonshemma - 008/2016**

### **REF - behandling:**

Ass rådmann orienterte om betalingssatsane.

Samrøystes tilrådd.

### **REF - vedtak:**

Satsar for kommunale tenester 2017 vert godkjent slik dei ligg føre i dokumentet «Betaling for kommunale tenester 2017»

## **Formannskapet - 066/2016**

### **FOR - behandling:**

Ass. rådmann Oddvin Neset orienterte og svarte på spørsmål.

### **FOR - vedtak:**

Satsar for kommunale tenester 2017 vert godkjent slik dei ligg føre i dokumentet «Betaling for kommunale tenester 2017»

### **Vedlegg:**

Betalingssatsar 2017 framlegg

Oversyn over betalingsatsar 2013 - 2017